

RÅDSDIREKTIV 97/42/EF

av 27. juni 1997

om første endring av direktiv 90/394/EØF om vern av arbeidstakerne mot fare ved å være utsatt for kreftframkallende stoffer i arbeidet (sjette særdirrektiv i henhold til artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF)(*)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 118 A,

med tilvising til rådsdirektiv 90/394/EØF av 28. juni 1990 om vern av arbeidstakerne mot fare ved å være utsatt for kreftframkallende stoffer i arbeidet (sjette særdirrektiv i henhold til artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF)⁽¹⁾, særleg artikkel 16,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen⁽²⁾, som vart utarbeidd etter samråd med Det rådgjevande utvalet for tryggleik, hygiene og helsevern på arbeidsplassen,

med tilvising til fråsegn frå Økonomi- og sosialutvalet⁽³⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 C i traktaten⁽⁴⁾, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I artikkel 118 A i traktaten er det fastsett at Rådet skal gje direktiv om minstekrav med sikte på å betre særleg arbeidsmiljøet for å sikre eit høgare nivå for vern av tryggleiken og helsa til arbeidstakarar.
- 2) I medhald av den førnemnde artikkelen skal det unngåast at slike direktiv pålegg administrative, økonomiske og rettslege byrder som er av ei slik art at dei motverkar skipinga og utviklinga av små og mellomstore føretak.
- 3) I vedlegg III til kommisjonsdirektiv 91/325/EØF av 1. mars 1991 om tolvte tilpasning til den tekniske utvikling av rådsdirektiv 67/548/EØF om tilnærming av lover og

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 179 av 8.7.1997, s. 4, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 36/98 av 30. april 1998 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av kvinner og menn), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(¹) TEF nr. L 196 av 26.7.1990, s. 1.

(²) TEF nr. C 317 av 28.11.1995, s. 16.

(³) TEF nr. C 97 av 1.4.1996, s. 25.

(⁴) Europaparlamentsfråsegn av 20. juni 1996 (TEF nr. C 198 av 8.7.1996, s. 182), felles haldning frå Rådet av 2. desember 1996 (TEF nr. C 6 av 9.1.1997, s. 15) og europaparlamentsavgjerd av 9. april 1997 (TEF nr. C 132 av 28.4.1997).

forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlige stoffer⁽⁵⁾ vart det innført nye risikoseiningar som opplyser om helsefare ved eksponering over lengre tid og om fare for kreft ved innanding.

- 4) Arbeidstakarane må i alle arbeidssituasjonar vere verna mot fare i samband med preparat som inneheld eitt eller fleire kreftframkallende stoff, og mot kreftframkallende sambindingar som vert danna under arbeidet.
 - 5) For å sikre eit best mogleg vernnivå må det for visse stoff takast omsyn til alle opptaksveggar, medrekna eventuelt opptak gjennom huda.
 - 6) I direktiv 90/394/EØF har ordlyden i vedlegg I nr. 2 om polysykliske aromatiske hydrokarbon ført til tolkingsproblem i mange medlemsstatar. Det bør difor vedtakast ein ny og meir presis ordlyd.
 - 7) I medhald av artikkel 16 i direktiv 90/394/EØF skal det på grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitenskaplege og tekniske data, fastsetjast grenseverdiar for eksponering for alle dei kreftframkallende stoffa der det er mogleg.
 - 8) Grenseverdiar for eksponering i arbeidet må reknast som ein viktig del av dei allmenne tiltaka for vern av arbeidstakarar. Slike grenseverdiar må reviderast når nyare vitenskaplege data gjer det naudsynt.
 - 9) Benzen er eit kreftframkallende stoff som er til stades i mange arbeidssituasjonar. Følgjeleg er mange arbeidstakarar utsette for ein mogleg helsefare. Sjølv om noverande vitenskapleg kunnskap ikkje gjer det mogleg å fastsetje eit nivå der helsefaren melder seg, vil likevel faren minske dersom eksponeringa for benzen vert mindre.
 - 10) Etterleving av minstekrava til vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarane mot særlege farar i samband med kreftframkallende stoff har som siktemål ikkje berre å sikre vern av helsa og tryggleiken til kvar einskild arbeidstakar, men òg å syte for eit minstevernivå for alle arbeidstakarar i Fællesskapet.
- (⁵) TEF nr. L 180 av 8.7.1991, s. 1.

- 11) Det må fastsetjast eit einsarta vernenivå for heile Fellesskapet mot farane i samband med kreftframkallende stoff, og dette vernenivået bør fastsetjast ikkje ved hjelp av detaljerte krav, men ved hjelp av ei ramme av allmenne prinsipp som gjer det mogleg for medlemsstatane å nytte minstekrava på ein einsarta måte.
- 12) Dette endringsdirektivet er eit konkret ledd i verkeleggjeringa av den sosiale dimensjonen i den indre marknaden.
- 13) I medhald av avgjerd 74/325/EØF⁽¹⁾ skal Kommissjonen rådspørje Det rådgevande utvalet for tryggleik, hygiene og helsevern på arbeidsplassen med sikte på utarbeiding av framlegg på dette området -
- ii) et preparat som er sammensatt av ett eller flere av stoffene nevnt i i), når konsentrasjonen av ett eller flere av stoffene oppfyller de krav til konsentrasjonsgrenser for klassifisering av et preparat som kreftframkallende stoff i kategori 1 eller 2 som er fastsatt
- i vedlegg I til direktiv 67/548/EØF, eller
- i vedlegg I til direktiv 88/379/EØF, dersom stoffet eller stoffene ikke er oppført i vedlegg I til direktiv 67/548/EØF eller er oppført der uten konsentrasjonsgrenser,
- iii) et stoff, et preparat eller en prosess nevnt i vedlegg I og et stoff eller et preparat som avgis under en prosess nevnt i vedlegg I,

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I direktiv 90/394/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 1 skal nytt nr. 4 lyde:

«4. For asbest og vinylkloridmonomer, som er omfattet av særdirrektiver, får bestemmelsene i dette direktiv anvendelse når de gir bedre vern av sikkerhet og helse i arbeidet.»

2. Artikkel 2 skal lyde:

«Artikkel 2

I dette direktiv menes med

- a) «kreftframkallende stoff»

- i) et stoff som oppfyller kriteriene for klassifisering som kreftframkallende stoff i kategori 1 eller 2 som fastsatt i vedlegg VI til direktiv 67/548/EØF,

- b) «grenseverdi», med mindre annet er angitt, grensen for den tidsveide gjennomsnittskonsentrasjonen av et «kreftframkallende stoff» i luften i en arbeidstakers pusteområde i en bestemt referanseperiode angitt i vedlegg III.»

3. Artikkel 3 nr. 3 skal lyde:

«3. Når faren vurderes, skal det dessuten tas hensyn til alle andre eksponeringsmåter, f.eks. opptak i og/eller gjennom huden.»

4. I artikkel 5 skal nytt nr. 4 lyde:

«4. Eksponeringen skal ikke overskride grenseverdien for et kreftframkallende stoff fastsatt i vedlegg III.»

Tidlegare nr. 4 vert nr. 5.

5. I vedlegg I skal nr. 2 lyde:

«2. Arbeid som medfører eksponering for polysykliske aromatiske hydrokarboner som forekommer i steinkullstov, steinkulltjære eller steinkullbek.»

6. I vedlegg III skal del A lyde:

⁽¹⁾ TEF nr. L 185 av 9.7.1974, s. 15. Avgjerda sist endra ved tilmeldingsakta av 1994.

«A. GRENSEVERDIER FOR EKSPONERING I ARBEIDET

| Stoffnavn | EINECS ⁽¹⁾ | CAS ⁽²⁾ | Grenseverdier | | Merknad | Overgangstiltak |
|-----------|-----------------------|--------------------|----------------------------------|--------------------|--------------------|---|
| | | | mg/m ³ ⁽³⁾ | ppm ⁽⁴⁾ | | |
| Benzen | 200-753-7 | 71-43-2 | 3,25 ⁽⁵⁾ | 1 ⁽⁵⁾ | Hud ⁽⁶⁾ | Grenseverdi: 3 ppm (= 9,75 mg/m ³) inntil tre år etter datoen i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 97/42/EF ^(*) |

⁽¹⁾ EINECS: Europeisk liste over eksisterende markedsførte kjemiske stoffer.

⁽²⁾ CAS: Chemical Abstract Service Number.

⁽³⁾ mg/m³ = milligram per kubikkmeter luft ved 20 °C og 101,3 KPa (760 mm kvikksølvtrykk).

⁽⁴⁾ ppm = milliondeler etter volum i luft (ml/m³).

⁽⁵⁾ Målt eller beregnet ut fra en referanseperiode på åtte timer.

⁽⁶⁾ Mulighet for en vesentlig økning av kroppens samlede belastning når huden eksponeres.

^(*) EFT nr. L 179 av 8.7.1997, s. 4.»

Artikkel 2

1. Medlemsstatene skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 27. juni 2000. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfærdet i Luxembourg, 27. juni 1997.

For Rådet

A. MELKERT

Formann